

NVE
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dato: 15.11.2011

Dykkar ref.: NVE 200804287-6 ki/baso
Arkiv: 312 / 053.10
Sakshandsamar: Bård Ottesen

Vår ref.:LJF

Fråsegn til høyring om løyve til bygging av Røyrvik Kraftverk AS i Kvam herad, Hordaland

Viser til Dykkar brev av 10. oktober 2011 om høyring for løyve til bygging av Røyrvik kraftverk i Kvam herad med ein årsproduksjon på 2,1 GWh, og ein installert effekt på 600 kW.

Kvam Kraftverk har to merknadar til søknaden:

1. Nettilknytning

Kvam Kraftverk AS sitt lokale 22 kV luft nett i dette området vart fornya i 1988 og er i forholdsvis god stand. Linjenettet vart dimensjonert for allminneleg forsyning med den auke i kraftleveranse ein kan forventa innan linja si levetid. Nye produksjonsanlegg var ikkje medrekna. Kvam Kraftverk set difor som krav at det vert gjennomført ei konsekvensanalyse før ein kan ta stilling til om produksjonsanlegget kan få nettilknytning. I dette tilfellet føreligg det ei nettberekningsanalyse utført av Troll Power AS datert 14. september 2007. Berekninga vart utført med forutsetnad om ei installert effekt på 500 kW. Det må utførast nye berekningar med dei data som vert nytta.

Det må inngåast driftsavtale og avtale om nettilknytning før sjølve tilkoplinga.

2. Overføringskapasitet av kraft i straumnettet.

Overliggjande overføringsnett som er eigd av BKK Nett, har per i dag ikkje kapasitet til å overføra ny kraftproduksjon.

Konklusjon

Som følgje av pkt.2 ovanfor kan ikkje Kvam Kraftverk akseptera nettilknytning for det omsøkte produksjonsanlegget på noverande tidspunkt.

Med helsing
KVAM KRAFTVERK AS

Arne Tillung
Adm.dir.